

SAMAN forandrar VI VERDA

AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR TIL NMS
via Avtalegiro

Eg ønskjer å gi kroner (per månad):

300,- 500,- 1000,- Anna beløp _____

Eg ønskjer at gåva skal godskrivast denne kyrkjelyden:

Belast mitt kontonummer:

Personnummer: (Fyll ut om du ønskjer skattefrådrag)

KID-nummer: (Vert fylt ut av NMS)

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTAD: _____

E-POST: _____

MOBIL: _____

STAD/DATO: _____

UNDERSKRIFT: _____

SEND KUPONGEN TIL:
NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

For ENKELTGÅVER kan du bruke konto 8220 02 85057.
Merk gåva med ESTLAND.



Hjarteleg
TAKK
nms.no/gi

VÅR KYRKJELYD HAR MISJONSAVTALE I
ESTLAND



DELER TRUA
PÅ JESUS



UTRYDDAR
FATTIGDOM



KJEMPAR
MOT URETT

Kva er vi med på i Estland?

Vi samarbeider med Den estiske evangelisk-lutherske kyrkja (EELK) om å plante livskraftige kyrkjelydar og skape nye møtestader. I tillegg støttar vi barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja.

KYRKJELYDSPLANTING OG KYRKJELYDBYGGANDE ARBEID

Etter 2. verdskrig har det dukka opp mange nye befolkningssentra, der det ikkje er etablert kyrkjelyd. Saku er ein tettstad utanfor Tallinn. I kommunen bur det kring 12 000 menneske. I 2011 byrja EELK og NMS eit kyrkjelydsplante-prosjekt her. Resultatet vart Saku St. Thomas kyrkjelyd, som i 2023 hadde kring 240 medlemar. Parallelt med kyrkjelydsbygginga har eit nytt, moderne kyrkjebygg blitt reist. I dei flotte lokalane er det gudstenester, konserter og aktivitetar for ulike aldersgrupper. Kyrkjelyden er aktiv og engasjert og jobbar misjonalt.

Mustamäe er ein relativt fattig bydel i Tallinn. Her vart det etablert ein kyrkjelyd i 2010. Også her har kyrkjelydsbygginga gått hand i hand med kyrkjebygging. Delar av bygget er no ferdig, og det er planlagt vigslig av kyrkjerommet i 2024. Kyrkjelyden tel no over 140 medlemmar og er breitt engasjert med barne- og ungdomsarbeid, mannsgruppe, bibelgrupper og avisgruppe. Dei har òg dia-

konalt arbeid med fleire lågterskeltilbod – mellom anna suppekjøken.

LEIARUTVIKLING OG LEKMANNSOPPLÆRING

Det vert arrangert kurs og samlingar av ulik varigheit for ungdom og for tilsette og frivillige i kyrkja. Målet er å utruste og disippelgjere menneske og å utvikle ein kultur i kyrkjelydane der frivillige spelar ei stadig større rolle.

KRISTENT MEDIEARBEID - AV OG FOR UNGDOM

NMS støttar framleis Plussmedia, som er eit kristent arbeid av og for ungdom. Ungdomane kjem både frå lutherske og andre kyrkjelydar. Dei unge produserer mellom anna radioprogram, eit TV-show og innhald til sosiale medium. Målet er å engasjere unge menneske i mediearbeid, gi dei ansvar og utruste dei til å informere om og diskutere tema av betydning for deira kristne tru.

GLOBAL UNGDOMSUTVEKSLING MELLOM KYRKJER

Prosjektet spelar ei stor og inspirerande rolle for fleire NMS-partnarar innanfor ungdomsarbeid. Dei tek imot NMSU sine Uteam-turar og samarbeider med NMS Ucrew om utveksling av unge vaksne.



FAKTA OM ESTLAND

Innbyggjartal: 1,32 mill.

Religion: 9,9% protestantar, 16,2% ortodokse, 70,8% ingen el. uspesifisert.

Næringsvegar: Servicesektoren står for 2/3 av BNP, industrien for 1/3. Jordbruk har blitt mindre viktig.

Estland er blant dei mest avanserte i Europa innan IT.

Levekår: Rikast av dei baltiske statane, men merkbar arbeidsløyse og mange innbyggjarar som framleis er fattige.

Styresett: Republikk

KJELDE: WWW.FN.NO



Oppfylging frå NMS

NETTSIDE: Kyrkjelyden har si eiga side på nms.no: nms.no/finndinmenighet

Her er historier og informasjon frå Estland, oversikt over kor mykje kyrkjelyden har gitt dette året m.m.

NYHENDEBREV: Ny informasjon kjem på e-post tre gonger i året.

BESØK: Ynskjer kyrkjelyden besøk frå NMS? Ta kontakt!

Kontaktinformasjon

E-POST: menighet@nms.no - Telefon: 51 51 61 00 (NMS' infosenter)

POSTADRESSE: NMS, Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger

FOTO: ENDELAPSALON, FRØDE FIDJELAND, MARIT MJØLSNESSET, NMS-INFO.